

# Protokoll frå styremøte i Helse Førde HF

Tid: 27.01.2017, kl. 09:00 – 12:05  
Møtestad: Førde sentralsjukehus, Førde

## Styremøtet var ope for publikum og presse

### Deltakarar frå styret

Agnes Landstad	Fung. styreleiar
Atle Hamar	Fung. nestleiar
Helge E. Bryne	Medlem
Harry Mowatt	Medlem
Wenche Kristin Røkenes	Medlem
Randi Aven	Medlem
Geir Berge Øverland	Medlem
Berit Hornnes	Medlem

### Forfall frå styret

Liv Stave	Medlem
-----------	--------

### Deltakarar frå administrasjonen

Jon Bolstad, administrerande direktør  
Kristine Longfellow, fagdirektør  
Terje Ulvedal, kommunikasjonssjef  
Halfdan Brandtzæg, økonomidirektør  
Berit Irene Haarklau, referent

### Andre deltakarar

Stener Kvinnsland, seniorrådgjevar Helse Bergen (via video)  
Torkel Tveit, Advokatfirmaet Steenstrup Stordrange DA  
Atle Jordahl, Administrativt forskingsfond v/NHH

## Sakliste

---

- 001/2017 Godkjenning av innkalling og dagsorden
- 002/2017 Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Førde HF  
16.12.2016
- 003/2017 Rapportering frå verksemda per desember 2016
- 004/2017 Årleg melding 2016 for Helse Førde HF
- 005/2017 Gjennomgang varslings- og organisasjonsprosessar

Saker til orientering:

- 006/2017 Eventuelt

«Styret sitt kvarter»

Fung. styreleiar Agnes Landstad ønska styret, publikum og presse velkommen til årets første styremøte.

MINISEMINAR om:

### **NOU 2016:25 ORGANISERING OG STYRING AV SPESIALISTHELSETJENESTEN**

Seniorrådgjevar Stener Kvinnsland orienterte om:

Mandatet, med fire modellval:

- a) Avvikling av dei regionale helseføretaka. Færre helseføretak enn i dag – direkte underlagt departementet.
- b) Eit eige direktorat til erstatning for RHF
- c) Eitt nasjonalt helseføretak til erstatning for RHF
- d) Eventuelle andre modellar

Andre tema: Regioninndeling og Egedomsforvaltning

Premissar for mandatet var:

- Staten skal fortsatt eige sjukehusa
- Sjukehusa skal fortsatt vere organisert som føretak med eigne styrer. Dette betyr også at rekneskapslova skal gjelde.

Finansieringssystemet ligg fast med mindre modellval krev tilpassingar

Det har vore ein brei prosess, der mange aktørar har fremma sine syn for utvalet.

*Seniorrådgjevar Kvinnsland svara på spørsmål og viste til ulike trekk ved utviklinga over tid.*

*Kvinnsland-rapporten vert sak til styremøte 17.02.2017, med høyringsuttale frå styret i Helse Førde HF.*

## 001/2017 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Fung. styreleiar Landstad leia møtet og orienterte om dagsorden:

- Styremedlem Liv Stave hadde meldt forfall til styremøte
- Møte starta med handsaming av sak 001/2017 og sak 002/2017.
- Fagleg orientering var miniseminar om NOU 2016:25, som vart halde i auditoriet med videooverføring
- Styremøte fortsette deretter i møterom 4, først med handsaming av sak 005/2017

Innspel til Eventuelt-saka:

- Helsefagarbeidarlærlingar
- Nye møtedatoar for styret

### Vedtak (samrøystes):

Det var ingen merknader til innkalling og dagsorden.

## 002/2017 Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Førde HF 16.12.2016

### Vedtak (samrøystes):

Styret godkjende og underteikna protokollen frå styremøte 16.12.2016.

## 003/2017 Rapportering frå verksemda per desember 2016

### Oppsummering:

*Fagdirektør Longfellow orienterte om: Kvalitet*

Ventetid ventande er 43 dagar i desember. Ventetid for starta behandling viser 47 dagar. Samla er det registrert 21 fristbrot i desember. Epikrise-tider 7 dagar viser 94% i somatikk og 96% i psykisk helsevern. Korridorpatientar i desember viser 5. Utskrivingsklare pasientar viser 22 i desember. Direkte timetildeling i desember er uforandra i forhold til førre månad.

*Økonomidirektør Brandtzæg orienterte om: Aktivitet, økonomi og medarbeidarar*

Aktivitet somatikk hittil i år viser lågare aktivitet, med lågare DRG-tall. Polikliniske konsultasjonar viser auke. Aktivitet psykisk helsevern viser aktivitet iht planen.

Helse Førde har eit budsjettavvik per desember på minus 26,7 millionar kroner, med klinikkvis fordeling:

Psykisk helsevern	+2,9 mill
Medisinsk klinikk	-29,3 mill
Kirurgisk klinikk	-29,8 mill
Stab og støtte	-1,1 mill

Aktivitetsbaserte inntekter er så langt i år vore lågare enn venta. Det har vore ein nedgang i tal innlagte pasientar og dagbehandlingar samanlikna med budsjett og førre år. Kostnadane til medikament har auka dei seinaste månadene.

Brutto månadsverk i desember var 2264. Netto månadsverk i desember var 2079. Sjukefråværet i november var 6,2%.

*Styret kommenterte at kvalitetsindikatorane viser bra resultat, med god kvalitet på tenestene. Det er avgjerande å justere kapasiteten og kostnadsnivå i høve aktiviteten.*

*Det vert nødvendig å ha fokus på drift og tiltak utover i 2017. Styret ønskjer å følgje arbeidet tett utover våren.*

*Adm. direktør Bolstad svara på spørsmål. Det vert meir detaljert gjennomgang i februar, når driftsdata frå januar 2017 ligg føre.*

### **Vedtak (samrøystes):**

Rapportering frå verksemda per desember 2016 vert teken til vitande.

## **004/2017      Årleg melding 2016 for Helse Førde HF**

### **Oppsummering:**

Årleg melding 2016 er Helse Førde sin rapport på oppfølging av dei mål og eigarkrav som framgår av «Styringsdokumentet 2016». Oppsummert er bildet at vi leverer godt på dei vedtekne hovudområde og helsefaglege styringskrav som er fastsatt for 2016.

Årleg melding 2016 er ei tilbakemelding på og vurdering av aktivitetar og tiltak i Helse Førde. Meldinga synleggjer at Helse Førde HF har vist god utvikling og auka kvalitet innanfor fleire sentrale områder. Føretaket har i 2016 likevel hatt problem med å oppfylle økonomisk resultatkrav sett av eigar.

*Styret kommenterte:*

- *Velferdsteknologi, og viktigheita av å ligge i framkant*
- *Legespesialistutdanninga (side 26), vi må ha eit sterkt fokus på nyordninga framover*
- *Sosialpediater (side 18), og kva kommentarane i rapporten tyder*
- *Dei økonomiske resultatkrava må ha stor merksemd i 2017*

*Administrasjonen bekrefta at punktet «sosialpediater» vert meir omtalt i det nye oppdragsdokument ifrå eigar.*

### **Vedtak (samrøystes):**

Årleg melding 2016 for Helse Førde HF vert godkjent som den ligg føre.

**Oppsummering:**

Styreleiar Landstad innleia saka, som er todelt med bakgrunn i intern varsling og brev ifrå føretakstillitsvalde. Intern varsling er unntatt offentlegheit. Faktarapporten frå konsulentane til Helse Førde HF vart mottatt og gjennomgått for styret kvelden i førevegen. Den delen som gjeld varslingssaka (u.off) ligg hos administrerande direktør for oppfølging. Styret vil handsame den offentlege delen av faktagjennomgangen i høve organisasjonsprosessar i ope møte.

Styret i Helse Førde engasjerte ved mandat av 22. november 2016 Administrativt forskningsfond v/NHH (AFF) og Advokatfirmaet Steenstrup Stordrange DA (Steenstrup Stordrange) til å gjennomføre ei faktaundersøking som ledd i behandlinga av eit varsel frå ein arbeidstakar om kritikkverdige forhold i verksemda. Med utgangspunkt i deler av innhaldet i varselet vart det også bedt om å ta i betraktning den kritikk som føretakstillitsvalde retta mot føretaksleiinga og deira handtering av ein omorganiseringsprosess hausten 2016.

Eksterne konsulentar Torkel Tveit og Atle Jordahl presenterte prosess og hovudfunn ifrå open del av rapporten.

Gjennomført arbeid for å avdekke og vurdere faktiske forhold knytta til framsatte påstander i varsel og brev:

- Forundersøkelse
- Gjennomgang og analyse av dokumentasjon, som e-post, møtereferat, sakspapir og presentasjonar holdt i ulike møter.
- Gjennomføring av intervju, med ca 50 personar
- Rapportering, med omfattande faktafunn og vurderingar.

Hovudfunn i rapporten:

1. Varsler har gått frem på en forsvarlig måte ved inngivelse av sitt varsel om kritikkverdige forhold, jf. reglene i arbeidsmiljøloven § 2-4. Arbeidsgiver Helse Førde har ivaretatt varsler i samsvar med virksomhetens varslingsrutiner, og det har ikke funnet sted noen gjengjeldelse mot varsler i strid med arbeidsmiljøloven § 2-5 (1).
2. Viseadministrerende direktør har ikke utsatt varsler for trakassering eller annen utilbørlig opptreden, jf. arbeidsmiljøloven § 4-3 (3).
3. Det er avdekket enkelte sider ved viseadministrerende direktør sin lederatferd som kan være til hinder for et fullt ut forsvarlig arbeidsmiljø for varsler i samsvar med kravet i arbeidsmiljøloven § 4-1 (2). Dette utløser en tilretteleggings/tiltaksplikt for arbeidsgiver.
4. Vår vurdering av de kritikkverdige forhold fremhevet i varselet gir ikke grunnlag for å konstatere at det i Helse Førde generelt er mangelfull forvaltningspraksis eller regeletterlevelse.

5. Det er ikke avdekket brudd på tariffavtale eller arbeidsmiljølovens kapittel 8 om krav til informasjon og drøfting overfor de tillitsvalgte.
6. Styret har ikke blitt feilinformert av administrerende direktør i forbindelse med forslaget til midlertidig prosjektorganisering.
7. Foretaksledelsen presenterte midlertidig prosjektorganisering som et forslag og ikke som en endelig vedtatt omorganisering. Det ble også åpnet for at tillitsvalgte, ansatte og styret kunne gi tilbakemeldinger på forslaget.
8. Fremdriftsplan for forslaget til ny prosjektorganisering (iverksetting 1. januar 2017), samt foretaksledelsens sonderingssamtaler med kandidater til lederstillinger, bidro til at flere oppfattet forslaget som mer ferdig bestemt og at det reelt var lite rom for tilbakemeldinger. Sonderingssamtalene med kandidater til lederstillinger bidro til at rykter og uro oppstod i organisasjonen.

*Styret stilte spørsmål omkring ulike sider ved prosessen og rapporten.*

*Eksterne konsulentar Tveit og Jordahl svara på spørsmål.*

*Styreleiar Landstad retta ei takk til dei tilsette i organisasjonen som har bidrege i prosessen.*

### **Framlegg til vedtak frå styreleiar Landstad vart utdelt i møte, og samrøystes vedteke.**

#### **Vedtak:**

1. Styret har motteke og gjennomgått ein grundig og omfattande rapport frå faktaundersøking i samband med varslings sak og brev frå tillitsvalgte.
2. Varslings saka gjev Helse Førde moglegheit til ein grundig gjennomgang som også vil kunne nyttast i utviklings og læringssamanhengar.
3. Styret, leiing, tillitsvalte og verneteneste har eit felles ansvar for å sikre eit godt arbeidsmiljø og eit godt utviklingsmiljø. Helse Førde står framfor store endringar i tida som kjem når det gjeld tenesteutvikling og investeringar. Styret føreset at dette arbeidet får prioritet og at alle partar understøttar vidare arbeid med Pasientens helseteneste i Helse Førde.
4. Styret gir styreleiar fullmakt til å følgje opp faktarapporten i samarbeid med administrerende direktør.

## Saker til orientering:

### **006/2017      Eventuelt**

#### **Helsefagarbeidarlærlingar:**

Styremedlem Aven tok opp saka, og presiserte at det er nødvendig å rekruttere eigne lærlingar til denne gruppa. Ho foreslo eit eige vedtak om utdanningsløp for helsefagarbeidarar i Helse Førde frå 2017.

Adm. direktør Bolstad orienterte om ordninga med 15-20 faglærlingar frå kommunane. I tillegg 4 plassar frå vidaregåande skule. Seksjon for kompetanse og utdanning jobbar med ein strategi, som vil bli presentert for styret.

Styret oppmoda om at eigne helsefagarbeidarlærlingar i Helse Førde vert prioritert i kompetanse og rekrutterings-strategi (rapport), og at ein kjem tilbake med informasjon til styret.

#### **Nye møtedatoar styret:**

Styreleiar Landstad tok opp forslag/drøfting om endra møtedatoar for styret.

Nye møtedatoar for styret vert:

**6. juni** (erstattar 2. juni)

**15. september** (erstattar 22. september)

## **Skriv og meldingar**

#### **Følgjande skriv og meldingar vart lagt på bordet i møtet:**

- Presentasjon frå Kvinnsland-utvalet datert 01.12.2016

Ref. Berit Irene Haarklau

---

Agnes Landstad  
Fung. styreleiar

---

Atle Hamar  
Fung. nestleiar

---

Helge E. Bryne

---

Harry Mowatt

---

Liv Stave  
(sett)

---

Wenche Kristin Røkenes

---

Randi Aven

---

Geir Berge Øverland

---

Berit Hornnes